

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Møtereferat

Møte: Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde (nr. 2-2021)

Dato: 23. april 2021

Stad: Teams

Møtetid: kl. 12.00-14.30

Til stades:

Herøy kommune ved kommunalsjef Renate Rossi-Kaldhol

Ulstein kommune ved kommunalsjef Marit Botnen

Volda kommune kommunalsjef Svein-Berg Rusten

Ørsta kommune ved stableiar tildeling og koordinering Oddvar Marøy

HMR – Volda sjukehus ved kliniksjeff stadleg klinikk Volda Palma Hånes

HMR – Volda sjukehus ved rådgiver stadleg klinikk Mona Ryste (leiar LSU)

HMR – Volda sjukehus seksjonsleiar BUP Volda Kari Standal

HMR – Volda sjukehus ved seksjonsleiar DPS Hallgrim Myklebust

HMR – Volda sjukehus ved praksiskonsulent Stian Endresen

Brukarutvalet ved Asbjørn Ringdal Gausdal

Andre:

Rådgivar Arnt Egil Hasfjord i Helse Midt-Norge RHF (sak 16/2021)

Rådgivar Karin Bostad i Helse Midt-Norge RHF (sak 16/2021)

Leiar av Digitalt fagråd for samhandling i Møre og Romsdal Atle Betten (sak 17/2021)

Samhandlingssjef i Helse Møre og Romsdal HF Lena Bjørge Waage (sak 18/2021)

Seksjonsleiar ved kirurgisk ortopedisk sengepost Volda sjukehus Aina Torine Rangseter

Seksjonsleiar helse og velferdstenester i Ørsta kommune Kristin Vik

Kommuneoverlege i Ulstein kommune Norunn Kirkebø Elde

Forfall:

Hareid kommune ved kommunalsjef Nils Arne Skagøy (nestleiar LSU)

Sande kommune ved helse- og omsorgssjef Bård Dalen

Vanylven kommune ved kommunalsjef Aud Marie Åsen

Volda kommune: kommuneoverlege Inger Lise Kaldhol

Møteleiar: Mona Ryste, leiar for LSU Volda sjukehusområde

Referent: Vegard Austnes, rådgivar i Sunnmøre Regionråd

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sak 13/2021: Velkomen til møte i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde.

Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt. Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Mona Ryste

Innkalinga vart godkjend. Det var ingen saker til eventuelt.

På grunn av ein møtekollisjon vart rekkefølga på sakene endra slik at sak 17/2021 var første sak i møtet.

Sak 14/2021: Godkjenning av referat frå førre møte nr. 1-2021 (29.01.21)

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Mona Ryste

Referatet frå førre møte vart godkjend.

Jf. sak 10/21 på førre møte opplyste Mona Ryste om at Sjustjerna hadde gitt tilbakemelding om at kommunane ikkje ville vere med på å rekruttere LIS-1 legar i 2021, men at dei vil ta att saka neste år.

Sak 15/2021: Kva skjer ved Volda sjukehus og i kommunane? Gjensidig orientering

Ved klinikksjef for stadleg klinikk ved Volda sjukehus Palma Hånes og leiar i Sjustjerna helse og omsorg Svein Berg-Rusten

Palma Hånes ga ros til kommunane for å ta imot utskrivingsklare pasientar raskt, og ivareta dei godt. Ved Volda sjukehus held ein m.a. på med eit fasadeprosjekt på psykiatribygget, samt eit prosjekt om nybygg med poliklinisk areal og akuttmottak. Hånes kommenterte situasjonen når gjaldt covid-19. Ho viste til at Helseplattforma er utfordrande og stor ei omlegging.

Svein Berg-Rusten fortalde at kommunane skal verte fullelektronisk via journalsystemet Gerica frå 1. mai 2021. Vidare peika han på stor auke i utfordringane i kommunane når det gjeld behovet for rask psykisk helsehjelp. Han fortalde også at Sjustjerna-kommunane ser for seg ei 70% stilling (med Volda som vertskommune) til å ivareta koordinator-funksjonen i Sjustjerna (20%), og representasjonen frå Sjustjerna i samarbeidssekretariatet i helsefellesskapet samt sekretærfunksjonen for LSU (50%).

Sak 16/2021: Orientering om situasjonen når det gjelder avtalespesialister

Ved rådgivar Arnt Egil Hasfjord og rådgivar Karin Bostad i Helse Midt-Norge RHF

Hasfjord og Bostad orienterte om avtalespesialistordninga i høve til talet på årsverk og aktivitet, korleis ordninga utviklar seg, oppfølginga av avtaleheimlar og status for Søre Sunnmøre.

Det vart vist til at det ikkje er talet på avtalespesialistar som er interessant, men talet

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

på årsverk. Samla sett utgjør aktiviteten til avtalespesialistane 20-25% av aktiviteten i Helse Midt-Norge.

Når det gjeld korleis avtalespesialistordninga utviklar seg, vart det vist til at det generelt er lite interesse for heimlar som vert lyst ut. Dette gjeld i heile landet, for både nye og gamle heimlar. Få personar ønskjer å flytte på seg, slik at ein ofte rekrutterer frå lokale sjukehus og DPS. Det vart vist til at primært skal behov i sjukehus og DPS dekkast, og at det er ingen hensikt å lyse ut heimlar med knappheit på ressursar internt i sjukehusa. Mange har det bra der dei er (t.d. gjer karriere på sjukehus), og finn det ikkje attraktivt å verte sjølvstendig næringsdrivande.

Det vart vist til at det er endringar i rammebetingelsane for å verte avtalespesialist. Alle tilvisingar skal rettighetsvurderast i same eining, dvs. følgje DPS sin tilvisingsstruktur. Avtalespesialistane kan ikkje sjølv bestemme pasientporteføljja si. I dag er finansieringa tredelt: driftstilskot, Helfo og eigenandel pasient. Ein ønskjer å flytte finansieringa frå Helfo og inn i sjukehusstrukturen. Avtalespesialistane kan då ikkje påverke inntekta gjennom Helfo-satsar. I tillegg vert det skjerpa krav til rapportering og kontroll, og rammeavtalen er endra i høve til revisjon.

Hasfjord og Bostad viste til at ein i framtida må sjå andre måtar å løyse sørgje for ansvaret. Helse Nord-Trøndelag og St. Olavs hospital (i Orkanger) etablerer høvresentral. Med god planleggig klarer ein å skape overskot i disse einingane.

Det var vist til at Helse Midt-Norge RHF har kontaktpunkt mot sjukehusa, som igjen har kontaktpunkt mot kommunenivået.

Hasfjord og Bostad kommenterte statusen for avtaleheimlane på Søre Sunnmøre. På grunn av at rammebetingelsane er i endring, såg dei ikkje avtalespesialist-ordninga som det viktigaste instrumentet no. Dei meinte det gir meir tilbake om oppgåvene vert i sjukehusa.

Hasfjord og Bostad følgjer no innføringa av felles tilvisingsmottak, som skal syte for å optimal bruk av ressursane og ivaretaking av pasientane sine rettigheter.

Frå LSU Volda sjukehusområde vart det kommentert at det er skuffande at det ikkje er dialog på førehand når tilbod er i endring. Som til dømes i forhold til augespesialisten i Ørsta som vart flytta. Utvalet var bekymra for at gode, lokale tilbod forsvinn, og peika på at behovet for psykologspesialistar på Søre Sunnmøre er mykje større enn behandlingstilbodet. Frå utvalet vart det stilt spørsmål om kanskje eit psykologsenter kan vere framtida på Søre Sunnmøre.

Konklusjonen på møtet var at ein vil kome tilbake til saka saman med Helse Møre og Romsdal HF. Samhandlingsutvalet meinte at dersom det ikkje skal vere fleire avtalespesialistar, så må poliklinikkane styrkast. Til neste møte ønskjer utvalet å

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

invitere Helse Møre og Romsdal HF ved klinikksjefen for psykisk helse og rus og fagdirektøren til vidare dialog om saka.

Sak 17/2021: Saker frå Digitalt fagråd for samhandling i Møre og Romsdal, jf. sak 6-9 på OSU-møtet 18.02.21 (jf. vedlagd protokoll)

Ved Atle Betten, leiar av for Digitalt fagråd for samhandling i Møre og Romsdal

1. Poliklinisk plakat

Betten viste til at poliklinikkane i dag ikkje har like klare køyrereglar for samhandling som ved innlegging. Plakaten (ein for kommune og ein for føretak) er ei avtalt rutine for korleis ein skal opptre når pasientar skal heim frå poliklinikk og ikkje har kommunale tenester frå før. Rutina gjeld for heile Midt-Norge. Det er eit forbettringspotensial i å sende epikriser tidlegare. Rutina gjeld både somatikk og psykiatri.

2. Rutinesjekk – kommunane sine samhandlingsnummer

Dersom e-meldingar ikkje virkar kan det verte krise. Som reserveløysing skal det vere helsepersonell som kan svare ut på 2 spørsmål om detaljar i ein pasient sin journal. Testen av løysinga var oppløftande, t.d. fekk ein svar på oppgitt nummer i 90% av tilfella.

3. Bruk av eige fagsystem som legevakt

Dette handlar om i kva grad legevaktene følgjer den vedtekne standarden for e-meldingar. Ein del legevakter dokumenterte i fastlegejournal, det skal ein ikkje gjere. Jo større legevakta er, jo betre vert det dokumentert i høve til forskifta. Nokre mellomstore kommunar (som har eiga legevakt fram til kl. 22.00, før dei inngår i legevaktssamarbeid,) praktiserer å dokumentere legevaktverksemd i fastlegejournal.

4. Gjennomføring av risiko og sårbarheitsanalyse

Det er mykje sensitiv informasjon som vert utveksla. Norm for informasjonssikkerheit ligg i botn. Korleis få tak i helsepersonell som kan svare ut fort i eit stort og komplekst system? Det er laga ei undersøking med 8 spørsmål som ein bad kommunane ta stiling til. Undersøkinga i 2018 viste at ca. 13 kommunar hadde god kontroll, 7 delvis kontroll og 13 kommunar hadde ikkje kontroll. I 2020 var det 5 kommunar som ikkje hadde kontroll på drift av e-meldingar, desse vert følgd opp. Det vert ny undersøking i 2021.

Betten sin presentasjon følgjer vedlagd.

Sak 18/2021: Revisjon utviklingsplan

Ved samhandlingssjef i Helse Møre og Romsdal HF Lena Bjørge Waage

Waage fortalde at Eli Otterlei startar som samhandlingssjef i HMR HF 15. august 2021.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Noverande utviklingsplan vart vedtatt i 2018. Planen skal no reviderast for ein ny fireårsperiode. Det enkelte helseføretak skal frå starten av planarbeidet involvere respektive helsefellesskap. Ein vil prøve å arbeide fram eit høyringsutkast tentativt desember 2021.

Waage sin presentasjon følgjer vedlagd.

Sak 19/2021: Rask psykisk helsehjelp

Ved Sjustjerna helse og omsorg

Konklusjonen på førre møte (sak 3-21) var at Sjustjerna helse og omsorg vil arbeide vidare for å få etablert eit liknande tilbod på Søre Sunnmøre.

Marit Botnen viste til at kommunepsykolog i Ulstein kommune Tomas Brandal Myklebust vil sjå på ein modell saman med nettverket av kommunepsykologar på søre Sunnmøre.

Ein kjem tilbake til saka på neste møte.

Sak 20/2021: Traumeplan Helse Møre og Romsdal HF

Orientering ved klinikksjef stadleg klinikk Volda sjukehus Palma Hånes

Hånes viste til at det er gode og grundige prosessar på gang når det gjeld traumeplan. Adm dir. i HMR HF leiar prosessane, og vil kome med ei løysing. Ein kjem tilbake til saka på neste møte.

Sak 21/2021: Eventuelt

Kopi til:

Sjustjerna helse og omsorg:

Koordinator Sjustjerna helse og omsorg Gro-Anette Frøystad Voldsund

Seksjon for samhandling i Helse Møre og Romsdal HF:

Samhandlingssjef Lena Bjørge Waage

Spesialrådgivar Britt Valderhaug Tyrholm